



Den siste gjenlevande frå Shetlands-gjengen

12 Krigsveteranen frå Torsvik i Øygarden Jakob Strandheim er blitt 100 år



8 Innsetting av ny prost

- 5** Ny diakonimedarbeidar
- 6** Intervju med prost Jan Tommy Fosse
- 10** Intervju med Øystein Steinsland
- 11** Gravferd og gravplassforvaltninga
- 14** Årets konfirmantar
- 20** Kyrkjene i Øygarden

Koronaviruset

Øygarden kyrkjelege fellesråd og prestetenesta har sett i verk ei rekkje førebyggjande tiltak. Desse tiltaka kom tidleg, i samsvar med råd og pålegg frå nasjonale styresmakter.

Torsdag 12. mars kom det enno strengare smitteverntiltak. Det medførte at alle våre aktivitetar, med unntak av gravferder, måtte utgå inntil vidare. Tysdag 24. mars vart smitteverntiltaka forlenga til og med 13. april.

Du finn oppdatert informasjon til ei kvar tid på vår nettside også når det gjeld gravferd. Dette gjeld også aktivitetar som er annonsert i dette bladet for perioden etter 13. april. Konfirmasjonane er utsett til i haust. Ny dato står i bladet på side 14.

Det er høve til å kontakte prestar og vår diakonale teneste.

Informasjon om aktivitetar og anna informasjon finn du på vår nettside

Olav Martin Vik
Kyrkjevevjerje

Rong Brass til eliteserien



Frå venstre: Arvid Rong, leiar for Rong Brass, varaordførar Atle Dåvøy, dirigent David Morton.

Under NM for brassband i Grieghallen klatra Rong Brass opp i eliteserien. Under ei samkome på Rong med musikantane vart "opprykket" feira med kaker og blomar.

Varaordførar Atle Dåvøy i Øygarden kommune, skrytne over utviklinga korpset har levert dei siste åra. Han er stolt av at gamle Øygarden hadde bidratt økonomisk i fleire år.

Rong Brass feirar 30-årsjubileum i mars i år. Me gratulerer Rong Brass.

Redaktøren har ordet

Olav Martin Vik
Kyrkjevevjerje/redaktør



Frå normal situasjon til ekstrem situasjon

I løpet av nokre dagar og timar utvikla ein normal situasjon seg til å verte ein krisesituasjon. Det skjedde også i vår organisasjon. Torsdag 12. mars sette eg krisestab. I løpet av dei timane me sat saman gjekk me frå ein førebels beredskapssituasjon med førebyggjande tiltak, til å stenge ned omtrent alt me driv på med. Me har ein flott og handlekraftig kyrkjestab som agerer raskt når det er naudsynt. Gudstenester, barne- og ungdomsarbeid, kor og konsertar er i skrivande stund ikkje mogeleg å gjennomføre. Koronaviruset råka også oss med full tyngde. Smitteførebygging går føre alt anna.

Me er gravplassmyndigheit. Det betyr at me skal ta hand om gravlegging av alle døde i vår kommune. Gravferder går som normalt, men med avgrensa deltaking i seremonien. Me har auka beredskapen i høve mogeleg fleire døde som følgje av koronaviruset. Me må be Gud om og håpe på at det siste ikkje vert tilfelle.

Sorg, angst og andre utfordringar kan kome i kjølvatnet av det som no skjer. Våre prestar, diakonar og andre tilsette er i beredskap for samtale. Ta kontakt via dei telefonnummer som du finn på nest siste side i bladet. Me har avgrensa heimebesøka, men du kan få ein god samtale på telefonen.

Når tid me kjem i ein normalsituasjon er vanskeleg å seie noko om. Me førebur oss på at det me opplever no, kan gå over lang tid. Me må på ein måte få samfunnet til å fungere innanfor dei rammene me lever innanfor, til ei kvar tid. Akkurat no er det ein ekstremsituasjon.

Alt godt!

Eg vil gjeta sauene mine og la dei kvila, seier Herren Gud. Eg vil leita opp dei bortkomne, føra tilbake dei bortdrivne, binda om dei skadde, styrkja dei sjuke

Esekiel 34, 15-16

Andakt

«Han er ikke her!»

Jan Tommy Fosse
Prost i Vesthordland prosti



Det er snart påske, og kristne over hele verden skal igjen få feire den store høytiden. Nok en gang skal vi få lese oss igjennom fortellingen om Jesus som rir inn i Jerusalem, om innstiftelsen av nattverden på Skjærtorsdag, om arrestasjon, tortur og fornedrelse, og om pine og død. Så bygger påskens hendelser og fortellinger opp til det store klimaks når kvinnene kommer til graven for å salve den døde kroppen, men finner graven tom.

«Men engelen tok til orde og sa til kvinnene: 'Frykt ikke! Jeg vet at dere leter etter Jesus, den korsfestede. Han er ikke her, han er stått opp, slik som han sa.» (Matt 28,5-6)

Jesus er ikke lenger død, han lever.

Vi har kanskje hørt dette så mange ganger at vi ikke lenger overraskes over det som skjedde. Men tenker vi etter, oppdager vi det grensesprengende i det som skjedde på påskedag. Det som ikke kan skje, skjedde. Ikke en gang døden kan stå i veien for Gud og hans kjærlighet til oss mennesker. Jesu død og oppstandelse

viser oss at Gud elsker hele mennesket, både våre seire og våre nederlag. Alt vårt gale bar han med seg opp på korset, og evigheten sammen med ham sikret han gjennom sin seier over døden. Jesus var ikke lenger i graven, men:

Se, Herren lever!
Salige morgenstund!
Mørkets makter bever.
Trygg er troens grunn.
Jubelropet runger:
Frelseren er her!
Pris ham, alle tunger.
Kristus Herre er!

Han var ikke lenger i graven,
han lever. Velsignet påske!

ØyNytt kom første gang ut i april 1974. ØyNytt vert fulldistribuert i Hjelme og Blomvåg sokn.

Det er også mange abonnentar utanfor soknet. Kontingent og annonsar er avgjerande for produksjon og distribusjon av ØyNytt.

Kjem ut i 2020:

3. april, 5. juni, 11. september, 9. oktober og 11. desember
Redaksjonen vert avslutta ei veke før.



– kyrkjeblad for Hjelme og Blomvåg sokn

Utgevar: Øygarden sokneråd
Ansvarleg redaktør: Olav Martin Vik
Grafisk produksjon: Yngvild Mørner Sørheim
Trykk: Bodoni AS

Miljømerket trykksak 2041 0699

Kontingent: Kr 125 i Hjelme og Blomvåg sokn / Kr 175 utanfor Hjelme og Blomvåg sokn

Takkeannonsar: Kr 100

Annonsar: Kontakt redaksjonen

Bankkontonummer: 3628.07.02557 for kontingenter og gåver

Opplag: 2500 pr. nummer. 6 nummer i året.



DEN NORSKE KYRKJA

Øygarden kyrkjelege fellesråd

Telefon: 55 09 74 40
E-post: post.oygarden@kyrkja.no
Besøksadresse: Øygarden kyrkjekontor, Temahuset på Straume
Postadresse: Tytebærbrekko 2, 5353 Straume
Informasjon om våre tenester, kontaktinformasjon til våre tilsette og det som skjer i regi av oss finn du på: www.kyrkja.no/oygarden

Facebook: kyrkjaoygarden

Soknepresten i Hjelme og Blomvåg: Espen Sigve Tveten
E-post: et838@kyrkja.no
Telefon: 91 61 78 00

Leiar i soknerådet: Erling Vik
E-post: erl-vik@online.no

Org. nr. Øygarden kyrkjelege fellesråd: 976 995 430
Bankkonto for gåver til arbeidet i soknet: 3628.55.90870

Gåver kan du også gje ved bruk av appen Vipps

Fellesskapsdag med fokus på å vere elska av Gud og menneske

Laurdag 15. februar inviterte Hjelme og Blomvåg sokneråd til fellesskapsdag for soknet, i Hjelme kyrkje. Det var også ei slik samling i 2019. Rundt 60 personar møtte fram på samlinga i Hjelme kyrkje.



Soknerådsleiar Erling Vik, ønske velkomen og viste i sitt opningsinnlegg til soknerådet sin visjon; - Elska av Gud og menneske.

Denne visjonen må speglast i kyrkjelyden. Gud elskar oss, korleis kan me vere slik at nesten kjenner seg elska?

Leif Gunnar Vik hadde foredrag om korleis samfunnet påverkar oss, også sett i eit historisk perspektiv. Det er større grad av individualisme, synet på mange ting har

endra seg mellom folk, noko som også påverkar kyrkja sitt arbeid. Korleis skal ein møte menneske i lys av den tida me lever i? Kva seier Bibelen?

Det var gruppearbeid med interessante tema og gruppene si vurdering og svar vart delt i plenum.

Borna hadde eit eige opplegg. Innleiingsvis hadde Rannveig Vestbøstad Vik eit opplegg som inkluderte heile forsamlinga. Ho

tok flanellografen i bruk og fortalte om Sakkeus.

Fellesskapsdagen er ein del av arbeidet med å byggja kyrkjelyd og skapa gode relasjonar mellom menneske.

Dersom du ønskjer samtale med oss:

Sokneprest Espen Tveten, telefon 91 61 78 00

Diakonimedarbeidar Ellen Ebbesvik, telefon 92 44 28 81

Ny diakonimedarbeidar i Hjelme og Blomvåg sokn

Ellen Ebbesvik, har teke til som diakonimedarbeidar i Hjelme og Blomvåg sokn. Ellen ser fram til å bli kjent med menneska i soknet.



Ellen seier dette om seg sjølv og arbeidet ho går inn i: De stedene hvor jeg kommer til å treffe dere mest nå i starten, er i alle fall på eldretreff på Tednebyggane og formiddagstreff i Hjelme kyrkje.

Mitt forbilde er Jesus og Hans møte med enkelt menneske. Det er der jeg henter min kraft og inspirasjon i fra.

Jeg brenner veldig for å kunne se det enkelte menneske. Det menneske som sliter med noe i livet sitt og som ønsker og ha en medvandrer. En medvandrer som

tåler og høre din historie. En medvandrer som gjerne vil låne deg sine ører og sin tid. Du som trenger det og ønsker det. En delt sorg og en delt smerte blir ofte mindre vond og bære på når man slipper å gå alene med den.

Kjenner du selv på at dette hadde vært godt eller du vet om en annen som trenger det.

Ta gjerne kontakt med meg. Jeg ønsker å være der for deg.

ELLEN EBBESVIK

- Tidlegare styrar i Landro kyrkjelydsbarnehage
- Kyrkjetenar i Foldnes
- Diakonimedarbeidar i Fjell kyrkjelege fellesråd og no i Øygarden kyrkjelege fellesråd

Tur til institutt for sjelesorg / Modum Bad, 17.-21. august

Har du lyst til å være med oss på tur?

Vi reiser med tog fra Bergen til Vikersund. Vi kommer til et sted med vakker natur, stillhet og gode rom og bo i. Det blir noen dager hvor du kan få slappe av og nyte. Det blir turer ut i det fri, bibelundervisning og sosiale samvær og god tid til bare å være til.

Turen fra Bergen og returen med alt inkludert, koster kr. 7000,- NB. Du må komme til og fra Bergen jernbanestasjon på egen hånd. Resten ordner vi.

Påmelding til Ellen Ebbesvik på telefon 924 42 881 innen 20. juni.

Arr. Diakoniseksjonen i Øygarden kyrkjelege fellesråd



–Var på tide med nye utfordringer

Etter å ha jobbet i Sjømannskirken som både prest og daglig leder, fant Jan Tommy Fosse en stilling som var en kombinasjon av disse to stillingene.

1. mars begynte han som prost i Vesthordlan prosti.

Tekst: Olav Martin Vik
Foto: Yngvild Mørner Sørheim

Hvem er Jan Tommy Fosse?

Det er et stort spørsmål. Jeg er 46 år, hadde min oppvekst i Degernes i Indre Østfold, gift med Inger og pappa til Mathias, Daniel og Rebekka. På videregående bestemte jeg meg for at det var prest jeg ville bli. Jeg ønsket å jobbe med mennesker, og jeg ønsket å dele Guds kjærlighet til oss mennesker vist oss gjennom Jesus – og det er fortsatt dette som driver meg i min tjeneste som prest. Ellers liker jeg å sykle og lese, og min store hobby er fly og sivil luftfart.

Hvorfor vil du være prost i Vesthordland?

Etter over 15 år i Sjømannskirken fant jeg ut at det var på tide med nye utfordringer, og til å bruke meg selv på litt andre måter. Og, jeg kjente ganske tydelig at jeg nå trengte et skifte med mulighet til å gjøre mer prestetjeneste. Jeg begynte å se meg om etter muligheter, og da dukket stillingen som prost opp. Nå vil jeg få bruke både min erfaring som prest og min erfaring som leder, og dette kombinert i en jobb – det må vel være drømmejobben? I hvert fall tenker jeg det.

Vesthordland er et spennende og variert prosti med masse dedikerte og flotte medarbeidere, både ansatte og frivillige. Å få være med i dette arbeidslaget tenker jeg er et privilegium.

Du har vært utenlandssjef i Sjømannskirken. Hvilken erfaring har du med deg som kan være nyttig i den nye stillingen?

I Sjømannskirken har jeg fått være med å lede en stor organisasjon med medarbeidere spredt over hele verden. Det har lært meg viktigheten av å ha felles grunnlag og mål for arbeidet vi står i, og

at det er noe vi strekker oss mot sammen. Avstandene i Vesthordland er lagt mindre, men grunnlaget og målet er like viktig. Jeg kommer til å ta med meg at min viktigste oppgave som leder er å gjøre det jeg kan for at mine medarbeidere skal lykkes i utøve sin jobb på best mulig måte.

Hva vil du prioritere først i din nye stilling?

Mine første prioritering er å bli kjent med menighetene, prestene og de andre medarbeiderne. Jeg gleder meg til å bli kjent med hvem de er, hva de jobber med, hvor de opplever at de lykkes og hvor det er mer krevende. Så må jeg finne ut hva de

trenger av meg, og hva jeg kan bidra med. I tillegg til dette har jeg mye å lære. På system og strukturnivå har mye endret seg siden sist jeg jobbet i Den norske kirke.

Du kommer til et stort prosti, 10 sokn og to store fellesrådsrådsområder. Hva tenker du kan være utfordrende i møte med fremtiden?

Fremover ligger det store og viktige ting som skal jobbes med og avklares, f.eks. kirkens organisering og finansiering. Jeg er redd vi vil se at økonomien fremover blir trangere, noe som nok vil tvinge oss til krevende prioriteringer. Og det er en stor utfordring

at stadig færre velger å bære barna sine til dåp.

Kirkens viktigste oppgave er å formidle budskapet om Jesus Kristus, og være Guds hender og føtter i verden. Som kirke er vi kalt til å vise Guds kjærlighet i ord og handling. Dette kallet må stadig blankpusses slik at mennesker i vårt nærmiljø kan høre og oppleve at det er dette kirken er og gjør.

JAN TOMMY FOSSE

- Er gift og har tre barn
- Har jobbet som gardeprest i Hans Majestet Kongens garde
- Har vært 15 år i Sjømannskirken, både i Huston og i Singapore.
- Som prost i Vesthordland prosti skal han lede prestetjenesten i Øygarden og på Askøy.
- Han kommer til å ha gudstjenester i begge kommunene.

Jan Tommy Fosse innsett som prost i Vesthordland

Søndag 8. mars vart Jan Tommy Fosse innsett som prost i Vesthordland. Mange møtte fram i Strusshamn kyrkje på gudstenesta denne kvelden. Biskop Halvor Nordhaug deltok i sjølve gudstenesta saman med prestane i prostiet.

Tekst: Olav Martin Vik
Foto: Yngvild Mørner Sørheim

Til stades var også ordførar Siv Høgtun i Askøy kommune og ordførar Tom Georg Indrevik frå Øygarden kommune. Dei kom også med helsingar under kyrkjekaffien. Begge ønskte den nye prosten velkomen i tenesta og dei såg fram til eit godt samarbeid.

Mannskoret AvogTil frå Foldnes kyrkjelyd song i gudstenesta. Jan Tommy Fosse er med i koret.

Biskop Halvor Nordhaug ønskte Fosse velkomen i tenesta som prost og las opp innsettingsbrevet. Han hadde også forbøn for Fosse. Biskopen overrekte som gåve eit prostekors.

I sin tale til kyrkjelyden tok Fosse utgangspunkt i Luk 7,36-50 om kvinna som salva Jesu føter. I møte med Jesus fekk kvinna eit ærleg møte med seg sjølv. I kristne samanhengar kan det ofte kome skarpe skille, - dei som er innanfor og dei som er utanfor. Jesus seier at for Gud er alle menneske uendeleg verdfulle, og hans kjærleik til den enkelte av oss vert ikkje begrensa utfrå det me måtte finne på å sette opp av skott, veggjar, murar eller anna som kategoriserer eller setter deg eller meg i ein bås – heldigvis. Jesu bodskap er at Gud tilgir synd. Stor eller lita synd i menneske sine auge.



Biskopen, prostiets prestar og diakonar saman med ordførarane frå Askøy og Øygarden.



Mannskoret AvogTil bidrog med song.



Jan Tommy Fosse ønskjer å møte menneske der dei er i livet sitt.



Mange vart med på kyrkjekaffi etterpå.



Den nye prostens forsyner seg av kake.

–Musikk har alltid vore min store lidenskap

Draumen var å bu ved havet, då passa Øygarden bra for Øystein Steinsland. I februar byrja han som kantor i Hjelme og Blomvåg sokn.

Tekst: Olav Martin Vik
Foto: Yngvild Mørner Sørheim



ØYSTEIN STEINSLAND

- Kjem frå Modalen
- Har 6 års universitetsutdanning innan musikk og 4 års organistutdanning
- Reiste fram og tilbake mellom Noreg og England i 3,5 år for å ta orgeltimar med pedagog og organist, David Sanger.
- Har jobba i Aurland og Lærdal i kulturskulen og som organist.

Kven er Øystein Steinsland?

Eg kjem frå Modalen der eg vaks på ein gard som dreiv med sauer. På fritida likar eg å gå turar i naturen. Brukar også fritida mi på å spele, mest piano, men også orgel og litt trekkspel. Musikk har alltid vore min store lidenskap, heilt sidan eg var liten.

Kvifor søkte du deg ut havgapet, her i vest?

Eg har alltid hatt ein draum om å bu ved havet, oppleve det opne landskapet, det alltid pulserande havet, det vakre skiftande fargespelet mellom sol og hav, kystkultur med fiske og båtliv. Øygarden ligg heller

ikkje så langt vekk frå Modalen. Det gjer det lett å halde kontakten med slekt og vener.

Kva tankar har du om framtida, når det gjeld di rolle i å utvikle musikklivet i kyrkjelyden?

Min tanke om framtida og i å utvikle musikklivet i kyrkjelyden er eit ønskje om å gje folk gode opplevingar, i sorg og glede, til kvardags og fest. Og at det vert gjort på ein slik måte at folk søker til kyrkja, i godt samarbeid med heile øysamfunnet.

Du har vore nokre veker i soknet, – korleis har du opplevd møte med oppgåvene og menneska?

Folk her i Øygarden har teke imot meg på ein sær god måte. Eg kjenner meg velkomen og verdsett. Truleg er dette starten på mange års gode venskap. Det kjennest i alle fall slik ut. Ein tanke som streifar meg når det gjeld oppgåvene mine er, at kyrkja her har så mange flinke, resurssterke folk med seg. Det handlar like mykje om vår oppgåve som det handlar om mi oppgåve. Saman gjer me kvarandre gode og det trur eg Dykk er flinke til her.

Gravferd og gravplassforvaltning i Øygarden

Gravferdsordning og forvaltning av gravplassar er regulert i norsk lov og forskrift (gravferdslova). Det er Øygarden kyrkjelege fellesråd som organisasjon som forvaltar ordninga på vegne av stat og kommune.

Av: Olav Martin Vik, kyrkjevevjerje

Dette seier lova:

§ 3. Kirkelig fellesråds og kommunens ansvar.

Kirkelig fellesråd har ansvaret for at gravplasser og bygninger på gravplasser forvaltes med orden og verdighet og i samsvar med gjeldende bestemmelser.

Utgifter til anlegg, drift og forvaltning av gravplasser utredes av kommunen etter budsjettforslag fra fellesrådet.

Lov og forskrift regulerer alt som gjeld gravlegging, kremasjon, forvaltning av gravplassar og festeavgifter. Det skal utarbeidast eigne vedtekter for gravplassane.

I Øygarden kommune er det 17 gravplassar som er i aktiv bruk. Fleire av gravplassane er av nyare dato og nokre av dei er anlagt med namna minnelund og eigne felt for muslimar. Det er eit mål å kunne tilby namna minnelund på fleire gravplassar.

Kyrkjeleg fellesråd har ansvar for gravlegging av alle døde, uavhengig av tru- og livssyn. Forvaltningsansvaret heng ikkje saman med trussamfunnet Den norske kyrkja. Val av seremoni gjer pårørande når dei skriv under begjæring av gravlegging. Kyrkjeleg fellesråd har ikkje ansvar

for seremonirom utanfor Den norske kyrkja (kyrkjene). Det er eit kommunalt ansvar.

Busette i kommunen, rett til fri grav og festeavgift

Avdøde personar med bustadadresse i Øygarden har rett til fri grav i ein periode på 20 år. Dersom ein ønskjer ei grav ved sida av (festa grav/dobbelgrav) må ein betale festeavgift for den grava frå første dag. 20 år etter siste gravlegging vert desse dobbelgravene rekna som ein gravstad og festeavgifta vert då redusert. Alle satsane er annonsert i tidlegare utgåve av kyrkjebladet og ein finn informasjon på fellesrådet si nettside.

Busette i annan kommune

Avdøde personar med bustadadresse i ein annan kommune, kan etter grunn-given søknad frå pårørande til kyrkjeleg fellesråd verte gravlagt i Øygarden. Ein må då betale kostnadar med gravlegging og festeavgift frå første dag.

Sletting av grav

Den som festar ei grav kan be kyrkjeleg fellesråd slette grava. Gravsteinen vert då tatt bort og grava går tilbake til fellesrådet si forvaltning. Det er ikkje høve til å slette ei grav i ein gravstad (dobbel grav). Sletting omfattar alle gravene i gravstaden.

Lova opnar ikkje opp for oppsett av namneplater på gravplassen for graver

som er sletta. Det er høve til å flytte eit namn frå ei sletta grav til ein gravstein på ei anna grav dersom festar godkjenner dette. Dette må ein søkje om til kyrkjeleg fellesråd.

Fakturering av festeavgift

Fakturering skjer i 5-årsbolkar og går automatisk. Festar treng difor ikkje kontakte kyrkjeleg fellesråd når det gjeld fornying av feste. Ubetalt faktura vert purra. Dersom festeavgifta ikkje vert betalt vil grava til slutt verte sletta, med førehandsvarsling.

Meir informasjon

Meir detaljert informasjon og gravplassvedtektene finn ein på vår nettside:

www.kyrkja.no/oygarden/gravferd

Er du usikker på det som gjeld gravferd og gravplassforvaltning, kontakt oss: post.oygarden@kyrkja.no eller telefon 55 09 74 40
Besøksadresse:
Øygarden kyrkjekontor,
Tytebærbrekko 2, Straume.

Delegert mynde

Kyrkjeleg fellesråd si daglege drift er delegert til kyrkjevevjerja. Det er seksjon kyrkjer og gravplassar som utøver rolla dagleg som gravplassmyndigheit.

Vår nettside:
www.kyrkja.no/oygarden

Krigsveteranen frå Torsvik i Øygarden Jakob Strandheim er blitt 100 år

Den siste gjenlevande frå Shetlands-gjengen. Ikkje alle rekk å verta 100 år. Endå ferre er klåre i tanken med vet og forstand når dei passerer ein slik alder. Men Jakob Strandheim er ein av dei som kan snu seg tilbake og fortelja om både sterke og fine opplevingar frå eit langt liv.

Av Gerhard Vik

Jubilanten er i strålende humør etter all feiringa kring 100-års dagen sin den 1. mars. Det har vore «full rulle» seier Jakob Strandheim etter alt oppstyret kring feiringa av den store dagen.

Jakob Strandheim var ein sprek ungdom tidleg i krigsåra, oppvaksen i fjæresteinane på Torsvik. Saman med mange andre norske ungdomar var han villig til å ofra livet for fedrelandet.

–Det var alltid spenning og me tok mange sjangsar. Og dessverre mista eg fleire kammeratar, seier Strandheim om trafikken mellom Vestlandskysten og Shetland dei første krigsåra.

Visste mor og far din kva du held på med?
–Ja, litt visste dei, for eg sende kryptiske meldingar, og dei visste at eg var i live.

Starta på Tofte-kaaien

Laurdag kveld den 5. oktober 1941 var mange ungdomar samla på Toftekaaien. Etter dansen gjekk fleire av oss til Torsvik for å kapra brønn-skøyta «Skjærgar» som var min arbeidsplass og som til vanleg førde levande fisk på kysten. Båten låg heime med helga. Planar vart lagd for å reisa over Nordsjøen til Shetland om natta.

–Me var ni ungdomar frå Torsvik og to frå Osterøy. Nokre jenter var også komne ombord, men dei jaga me på land fordi dei var i nær familie med fleire av oss. Risikoen var for stor.

Jakob var den eldste. Han hadde kystskipparskule med farstid på kysten med brønnskøyter.

–Om natta kom me ut i tjukk skodde, men det klårna litt då me kom inn til Lervick der

me vart godt mottekne. Me hadde ikkje mat med oss, så då smaka det godt med eit måltid.

56 turar over Nordsjøen

Det vart mange turar tilbake til norskekysten med flyktningar, agenter og sabotører, heile 56 turar.

Den første tida brukte me fiskeskøyter, men av dei mista me halvparten. Ti skøyter med 44 mann gjekk tapt. Eg var skippar på «Aksel», ei skøyte frå Møre, men var heldigvis ikkje med då den vart bomba og alle ombord mista livet.

Ingen omkom etter at me fekk shetlandsbussane: Hitra, Vigra og Hessa som vart sett inn i Nordsjø-trafikken i 1943.

Til Landro etter agent

Jakob Strandheim fortel om ein gong dei reiste til Landro for å henta fire menn



Gratulasjonshelsing på 100-årsdagen av ordfører i Øygarden Tom Georg Indrevik.

som kom frå ubåtbunkerer på Laksevåg. Strandheim var med som kjentmann. Handelsmannen let som han ikkje forstod noko av særmeldinga dei hadde med. –Kva er det du rotar med, sa han. Han ville sikra seg om at koden var rett, for han var redd for falske angivarar. Alt ordna seg og me kom trygt tilbake til Shetland.

Gøymde agent på rutebåten

Jakob fortel om ein gong dei kom til norskekysten utan å veta kvar dei var. Dei hadde med ein agent som skulle til Bergen. Frå eit stoveglas ute ved kysten såg dei eit lys og leita seg fram etter lyset. Det viste seg at dei var komne til Nordre Sæle i Øygarden og at blendingsgardina

ikkje var trekt heilt ned. Dei gjekk opp til huset om natta, banka på og sa at dei dreiv håbrandsfiske og måtte ha hjelp.

–Mannen i huset kjende me att på stemmen etter som han var mannskap på rutebåten «Øygar» som snart skulle leggja ut på si reise til Bergen. Agenten fekk me då gjøyma ombord i rutebåten.

Har ikkje eit godt svar

Me har hatt fred og fridom i Norge i snart 80 år. Trur du at me kan oppleva ein ny krig?

Jakob Strandheim tenkjer seg om før han svarar: –Eg har ikkje eit godt svar på spørsmålet sjølv om eg i dag ikkje ser ein



KNM «Hitra» vil liggja ved kai i Fjordparken 8.mai. Jakob hadde 40 turar med denne Ubåtjagaren over Nordsjøen.



Barndomsheimen til Jakob ligg heilt i fjæresteinane på Torsvik.



Portrett av Jakob som vert avduka 8. mai.

umiddelbar fare. Men motsetningar i folket kan fort bli mobilisert – og då veit eg ikkje.

Krigsheltar skal heidrast

I 2005 var Jacob Strandheim på Buckingham Palace i London og fekk heidersmedalje av dronning Elisabeth.

På frigjeringsdagen den 8. mai skal han også heidrast. Då skal det avdukast ei minneplate i kopar med avstøypning av krigshelten. Namna til dei som var med i Shetlands-gjengen skal også rissast inn i plata og plasserast i fjæresteinane ved kystparken Hjeltefjorden Fjordpark på Rong. Sermonien vil skje i nærvær av forsvarer og det offisielle Norge.

Konfirmantar 2020

Med atterhald om endringar

5. september kl. 10.30 Blomvåg kyrkje

Andrea Turøy Fjeldstad
Lucas Dale Hellesund
Marcus Misje
Vendla Vatne Torsvik
Fredrik Johannes Turøy Hjelme
Daniel Misje
Stina Rong Sæle
Karita Kvalheim Klepppestø
Kristian Ekse-Strandheim
Fredrik Jensen Rørvik
Lukas Ivan Andersen

5. september kl. 13.00 Blomvåg kyrkje

Elias Hellebø
Elias Solsvik
Amalie Fagerli
Stian Nygård Fuglevand
Ronja Risløw
Nathalie Moldeklev Nylund
Sigrid Ellisiv Sjøstrøm
Maren-Emilie Bruvik Miland
Gabriel Sæle
Alida Oen Rossnes
Jakob Romarheim Vik
Gunnar Fromholtz Olsen
Alida Hagenes
William Breivik

12. september kl. 10.30 Blomvåg kyrkje

Tuva Blom Hellesund
Sol Alexandra Almeland Midthus
Bertine Blom
Trane Sebastian Stockman-Rong
Kristoffer Westby
Serena Mary Linley
Simen Falch Rong
Malin Herdlevær
Anders Vik

12. september kl. 13.00 Blomvåg kyrkje

Naomi Zenobia Rong Weeks
Noah Drange Rong
Simen Nikolai Rykke
Markus Risa Fjeldstad
Kim William Finsås
Alexander Misje Steinstø
Alexander Sæle Villanger
Verena Ledang Helle
Lea Marie Storebø Øyeflaten
Jostein Teigen Elde
Henrik Hatløy Øvreås
Maria Flåten
Marte Dale
Solveig Vik



13. september kl. 11.00 Hjelme kyrkje

Selina Skjold
Robert Nikolai Knappen
Emma Wolff Harkestad
Marius Bakken
Philip Leander Rommetveit
Nadin Harkestad
Patrick Solbakk Kleivane
Jørgen Bertin Nakken
Malin Brevik
Hild Elida Sanden
Solveig Børve Skjold
Joakim Sævdal Hellesund
Oda Marie Myhre
Daniel Antoni Ramstad

Retting frå ØyNytt nr. 1 - 2020

I oversikta over KRIK, kom det ut feil informasjon om kvar dei held til og kven kontaktpersonen er. Rett informasjon er:
KRIK: Frå 8. klasse, annankvar fredag - Hjeltefjorden arena, regi av KRIK. 40–50 deltakarar i snitt. Kontakt André Rong /Kyrkjekontoret



Hogne har ordet

Hogne Berland
Kyrkjelydspedagog



Det nærmar seg påske og då er det alltid fint å bruke litt ekstra tid til å tenke på det som skjedde i Jerusalem for snart 2000 år sidan. Etter ei innholdsrik veke, vert Jesus krossfesta på langfredag. Eg synes det som skjer vert ekstra spesielt når eg hugsar på at Jesus er Guds son og er Gud sjølv.

Det betyr at når Jesus heng på korset, så er det Gud som heng på korset. Han er hengt opp der av dei han har skapt. For ein utrulig rar situasjon! Gud som skapte heile universet, har gjort seg sjølv så svak. Det er nesten ikkje til å tru.

Han kunne når som helst gått ned frå krossen. Han kunne ha tilkalla alle englar i himmelen om han ville. Han kunne når som helst ha dømt dei som hengte han der. Men han gjer ikkje det. Det var ikkje planen. Planen var at Gud skulle dø denne dagen. Han skulle dø for dei som hengte han der. For alle menneske. For deg og for meg.

Og så dør Jesus på krossen, men det er ikkje slutten. For det var heller ikkje planen. Jesus står opp igjen og viser at han er ikkje berre den svake. Han er også den sterke. Han er til og med sterkare enn døden.

Han får vi tru på! Han er vårt håp!

En mager mann som stille lider,
Evig Gud til alle tider,
i himmel og på jord,
min frelser og min bror.
Jeg ser hva du har gjort,
og legger kronen bort.
Straffen lå på deg,
nåden bærer meg.
(3. vers av «Til alle tider» av Bjørn Eidsvåg)

Dette skjer

Med atterhald om endringar og avlysingar.

LEIRAR SKJERGARDSHEIMEN

3. oktober:	Leirdag 1. klasse
4. oktober:	Leirdag 2. klasse
7.-8. november:	3. klasseleir
4.-6. desember:	4. klasseleir

REFUEL

3. april - Facebook livestream
17. april
1. mai
15. mai
22.-24. mai - Refuel Weekend

Stad: Rong senter
Tid: 19.30–22.30

KRIK

24. april
8. mai
22.-24. mai
- Refuel Weekend

Stad: Hjeltefjorden arena
Tid: 19.30–21.30

GOSPEL TEENS

21. april
5. mai
19. mai
2. juni
Stad: Blomvåg kyrkje
Tid: 18.00–20.00

BABYSONG

27. april
11. mai
Stad: Blomvåg kyrkje
Tid: kl. 11

SMÅBORNSSONG

14. april
28. april
12. mai
Stad: Blomvåg kyrkje
Tid: 17.30–18.30

INFORMASJON

Ta gjerne kontakt med oss om du har spørsmål om deltaking og innhald i opplegga.
E-post: post.oygarden@kyrkja.no

Frivillige

Me treng frivillige til t.d. leirane.
Ta kontakt om du vil delta frivillig.

Fag Revisjon as

Revisjon & regnskap

Kontakt oss på tlf: 56 38 72 70,
eller se mer informasjon på www.fagrevisjon.no

Fag Revisjon AS, Bølgekraftvegen 1, 5337 RONG, firmapost@fagrevisjon.no



SPAR

- ei rein og skjær handleglede ved havgapest!

Ferskvarespesialisten

Velsmakende varmmat

Fristende frukt og grønt

Nydelige nystekte bakervarer

Måndag - fredag 8-22, laurdag 9-20

SPAR Rong tlf. 56 38 71 40

Om solen skinner eller
været er grått kjør deg
en tur og få humøret
på topp.



Se kjøretøyene på
seniorscootere.no eller ring
929 86 260 Bjørøyhamn.

- Snitter
- Varmmat
- Baguetter
- Koldtbord
- Koldttallerken

Rong Catering a/s
Tlf. 9185 6258

Kjøp kjapt, trygt og billig

KIWI mini pris

Ved Rong senter
Tlf. 56 38 71 20
Mandag - lørdag
kl. 07.00-23.00



NORGESHUS NORGESHUS

TH Bhas Bygg Øygarden
Boligutvikling as

Telefon: 56382804 - Pålset 2, 5337 Rong
e-post: ta@norgeshus.no
www.norgeshus.no

Montér

Øygarden Byggsenter AS

Pålset 2, 5337 Rong - Telefon: 56382820 - Epost: post@oybygg.no
Åpningstider: mand-torsd 07.00-17.00, fred 07.00-18.00,
lørd 09.00-14.00

Torsvik ELEKTRO

Installasjon industri, bolig
Data- og telenett
Alarmanlegg
Antenne/parabolanlegg
Elektroverksted
Elektrisk forretning

Tlf. 56 38 50 00
Vakttelefon: 922 34 062

www.torstevik.no

Sotra Omegn BEGRAVELSESBYRÅ

En del av Kobi Christensen gruppen

Ditt begravelsesbyrå på Sotra.

Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

TLF 56 32 08 90 hele døgnet
(Skjernet 4, 5353 Straume | samme hus som Ligningskontoret)



- Stort utval av godbiter fra vårt kjøkken
- Moderne bilverksted m EU/kontroll
- Reparasjon av alle bilmerker
- V askehall
- Kaffiavtale
- Gass



BLOM SERVICESENTER AS

5331 RONG - tlf. 56 38 72 80
Godkjent bilverksted



Åsane Begravelsesbyrå AS

v/Johannes Blom

Vi står til teneste med alt vedr. gravferd

Tertnesvegen 99, 5114 TERTNES
Døgnvakt tlf.: 5518 9000

Solstrands Begravelsesbyrå as

Vårt avdelingskontor på Sotra

Sartorgården, 2. etg, 5353 Straume

Telefon 55 55 16 16 hele døgnet

www.solstrands.no

Vår erfaring - din trygghet

VIRKE
GRAVFERD

Ønsker du sol hjem?

Vi kan tilby 12 rørs solhimler
eller solseng med høy kvalitet.
Du ringer - vi bringer!
Vi forhandler også solariumskrem og -briller

B-P-S Solutleige
v/Arvid Rong 5337 Rong
Tlf: 56 38 74 54 Kveld: 56 38 73 22
Mobil: 918 56 258

Øygarden elektriske as

Tlf: 56 38 24 40
Fax: 56 38 24 41
Mobil: 928 41 790

E-mail:
post@oygarden-elektriske.no

Din lokale elektriker!

VESTGAR ELEKTRO

Møllestykket 21, 5360 Kolltveit
T: 400 30 210

post@vestgarelektro.no - www.vestgarelektro.no

Vi formidlar blomster til innland og utland



INTERFLORA

Blomsterbua

Rong senter
Telefon: 56 38 92 65
Postboks 107, 5331 Rong

Bergen Omegn BEGRAVELSEHJELP POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger
for pårørende som ønsker å gjøre noe selv



Knut Helge
Polden



Espen
Polden



Heine
Polden



Cathrine
Polden Misje

Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700
www.bergenogomegn.no

AVD. BERGEN
Teatergt. 20
5010 Bergen
Tlf: 55 21 44 50

AVD. SOTRA
2.etg på Shellstasjonen
Sartor, 5353 Straume
Tlf: 55 21 44 50



Vidar Vik Torsvik
murmester

Dalekletten 44
5337 Rong

TORSVIK MUR

Alt i mur, puss og flisearbeid
Rehabilitering/fornyning av
gamle skorsteiner/piper

Telefon: 91 16 83 75 E-post: vidart1962@gmail.com

Vest Modul AS

5336 Tjeldstø

- Tilbygg
 - Nybygg
 - Rehabilitering
 - Montering og utleige av brakker
- Normann 958 19 905
Ingvard 958 10 967
Trelastlager Tjeldstø



Ole A. Vik til minne



Ole A. Vik (84) er død. Han vart gravlagt frå ei fullsett Blomvåg kyrkje 31. januar. Ein kollega i kyrkja og nabo er no ute av dette livet. Ole var fiskeskippar heile sitt yrkesaktive liv. I mange år var han skippar om bord på «Slåtterøy», ein av Halstensen i Austevoll sine båtar. Ole var ein dyktig skippar, noko som vart stadfesta av Inge Halstensen under minnesamværet.

Ole var ein trufast medarbeidar i kyrkja. Han hadde sin faste plass i Blomvåg kyrkje der han også var klokkar i mange år og seinare medliturg. Rundt tusenårsskiftet var han

soknerådsmedlem. Han hadde også verv i indremisjonen i ein lengre periode og var trufast på bedehuset på Vik. Ole strålte tryggleik. Ole kunne ein lite på.

Ole var også min nabo og i mange år var me med i same bibelgruppe. Ole hadde livserfaring å dele. Han var sprek heilt til det siste, til i fjor haust, då sjukdom brått tok tak og tappa han for krefter. Det var vemodig då me såg båten hans vart sett på land og plassert sør for låa heime på Vik. Me skjønnte at ein epoke var over. Me saknar Ole! Ole er no heime hos Herren.

Eg lyser fred over Ole sitt gode minne.

*Olav Martin Vik
Kyrkjevevje*

Anders Vik til minne



Anders Vik er død (nær 73). Anders var svoger til Ole A. Vik. Han vart gravlagt frå Blomvåg kyrkje 5. februar. Mykje folk møtte fram i gravferda. Anders var leiar i bibelgruppa Ole og eg gjekk i. Eg var seinast heime hos Anders nokre veker før jul. Me snakka om mange ting, men Anders var som vanleg opptatt av samfunnsaker og stoff til ØyNytt. Helsa vart vesentleg svekka utover i det nye året.

Anders var i mange år med i ØyNytt-redaksjonen, heilt frå 1984. Kreativitet og nytenking prega arbeidet til Anders. Han

møtte alltid til redaksjonsmøta med ei lang liste, gjerne spenstig. Han hadde også ei liste klar då me møttest før jul. Anders var ofte innom kontoret på Rong og slo av ein prat. Eg saknar Anders som medarbeidar og ven.

Anders var lenge kommunekasserar i Sund. Han var misjons- og kulturinteressert og oppteken av lokalhistoria. Han hadde tankar om ei lokalhistorisk bok om kristenlivet i Øygarden. Det vart ikkje noko av og no er pådrivaren borte.

Anders sat også i kommunestyret for KrF ein periode og var i fleire år kyrkjevert i Blomvåg kyrkje.

Minnesamværet etter gravferda vart lagt til Vik bedehus der han hadde sin faste plass. Anders er no heime hos Herren.

Eg lyser fred over Anders sitt gode minne.

*Olav Martin Vik
Kyrkjevevje*

v:pps

Vipps er ein effektiv måte å gi ved kollekt og når du t.d. skal betale for ein leir på Skjergardsheimen.

Dette er våre vippsnummer

Hjelme kyrkje: #75628

Blomvåg kyrkje: #75632

Leiropphald på Skjergardsheimen: #75635

Vippsnummera som er knytt til kyrkjene kan du bruke når du skal gi kollekt i ei gudsteneste eller om du set heime og vil gi. Enten du skal gi ein kollekt eller betale for eit leiropphald er det viktig at du skriv i referansefeltet dato og kva det gjeld.

Bibeltimar

Nautnes bedehus våren 2020

Torsdag 23. april kl 19.00
Christian Skoge

Torsdag 7. mai kl 19.00
Rune Ludvigsen

Etter bibeltimane vert det kveldsmat og samtale.

Hellesøy/Nautnes/
Tjeldstø bedehus

Treff i Blomvåg

Dessverre må treffet i Blomvåg tysdag 14. april utgå som følgje av koronaviruset og smitteføybyggande tiltak

Treff i Hjelme

Dessverre må treffet i Hjelme torsdag 16. april utgå som følgje av koronaviruset og smitteføybyggande tiltak

Fellessamling på Tednebakkanen:

Tysdag 12. mai kl. 16.30

Til lukke

70 år

- 16. april Nancy Wang, Skjoldingsneset 18A
- 17. april Sigrid Malene Hjelme, Hjelmevegen 130
- 24. april Inger Margrethe Solbakk, Grønhaugvegen 79
- 29. april Svein Otto Rong, Arsetlia 30
- 10. mai Marit Johanne Blom, Raudnova 25
- 18. mai Eleri May Oen Fossem, Dønna 1
- 19. mai Asbjørn Henning Jensen, Sturevegen 178
- 23. mai Marit Helen Toft, Tøkjjet 8
- 26. mai Jan herman Schafer Johannessen, Blomåsen 11
- 5. juni Helen Grete Dávøy, Jensvardvegen 35

75 år

- 4. april Rolf Vik, Helgebekka 14
- 5. april Magnus Reidar Hjelme, Hjelmevegen 154
- 6. april Arve Antonsen, Rossnesvegen 14
- 29. april Otto Forstrønen, Nordvikklubben 8
- 4. mai Turid Gro Rosseland, Raudhamaren 40
- 9. mai Else Irene Hjelme, Hjelmevegen 154
- 23. mai Ingebjørg Tjeldstø, Tjeldstøvegen 47

80 år

- 7. april Oddvar Olsen, Veslevarden 20
- 4. mai Else Margrete Heggøy, Slåttevegen 9

85 år

- 28. april Mons Herbjørn Hellesund, Ternholmvegen 53

90 år

- 10. april Olida B. Strømsnes, Svintræ 1
- 1. juni Konstane Heimark, Arsettunet 38

95 år

- 24. april Maria Dale, Sjurvika 11

Gudstenester / Service

Worship is the most important meeting point for Christians. It is the place where Christians become a visible congregation – a fellowship of people who share a faith in God and in the resurrection of Jesus Christ. It is a place where people together come before God. Here is a list of upcoming services in Øygarden

Desse gudstenestene må dessverre utgå som følgje av koronaviruset covid19 og smitteføybyggande tiltak:

5. april kl. 11.00 - Hjelme kyrkje

9. april kl. 19.00 – Blomvåg kyrkje

10. april kl. 11.00 – Hjelme kyrkje

12. april kl. 11.00 – Blomvåg kyrkje

13. april kl. 11.00 – Hjelme kyrkje

Inntil vidare går desse gudstenestne som annonsert:

19. april kl. 11.00 – Blomvåg kyrkje
Gudsteneste ved Knut Kaldestad. Nattverd. Offer til misjonsprosjektet/Laos. Søndagsskule.

26. april kl. 11.00 – Hjelme kyrkje
Gudsteneste ved Espen Tveten. Nattverd. Offer til Misjon uten grenser. Søndagsskule.

3. mai kl. 11.00 – Blomvåg kyrkje.
Gudsteneste ved Espen Tveten. Nattverd. Offer til KRIK. Søndagsskule.

10. mai kl. 11.00 – Hjelme kyrkje
Gudsteneste ved Espen Tveten. Nattverd. Offer til kyrkjelydsarbeidet. Søndagsskule

17. mai kl. 09. 30 – Hjelme gamle kyrkje
17. mai gudstenete ved Knut Kaldestad. Offer til kyrkjelydsarbeidet

17. mai kl. 11.00 – Blomvåg kyrkje.
17. mai gudsteneste ved Knut Kaldestad. Offer til korpset.

24. mai kl. 11.00 – Kulturhuset
KRIK-gudsteneste ved Espen Tveten. Avslutning av Refuel-weekend. Song av Gospel teens. Nattverd. Offer til arrangementet.

31. mai kl. 11.00 – Blomvåg kyrkje
Gudsteneste ved Espen Tveten. Nattverd. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

1. juni kl. 11.00 – Utegudsteneste
Friluftsgudsteneste (muligens ved Gløvrebu) ved Espen Tveten. Avslutning på skapelsesvandringa for 6-åringar og utdeling av bok.

På vår nettside
www.kyrkja.no/oygarden
 finn du informasjon om digitale gudstenester m.m.

Døpte

Blomvåg

- Magnus Martin Dale, Skjoldingsneset

Årsmøte for Hjelme og Blomvåg sokn

Onsdag 22. april
kl. 18.00
i Hjelme kyrkje


DEN NORSKKE KYRKJA


Du kan også lese om kyrkja si verksemd på:

kyrkja.no/oygarden

**Distribusjon i
Hjelme og Blomvåk sokn:**
Hammer transport, tlf. 92063006

**Distribusjon utanfor
Hjelme og Blomvåk sokn:**
Posten Norge

Returadresse:
Øygarden kyrkjekontor
Tytebærbrekko 2
5353 Straume



Kyrkjene i Øygarden

Det er 8 kyrkjer i Øygarden, inkludert Hjelme gamle kyrkje som ikkje er i dagleg bruk. Kyrkjene er eit av få signalbygg i kommunen. Dei fortel ein historie, samstundes som dei har ei viktig rolle i lokalsamfunnet. Mange har eit nært forhold til si kyrkje.



Kausland kyrkje - byggjeår 1881



Sund kyrkje - byggjeår 1997



Fjell kyrkje - byggjeår 1874



Foldnes kyrkje - byggjeår 2001



Landro kyrkje - byggjeår 1977



Blomvåg kyrkje - byggjeår 1931

Kyrkelova seier dette om forvaltninga av kyrkjene:

§ 18. Forvaltning av kirkene og begrensning i rådighet. Forvaltningen av kirkene høyrer under kirkelig fellesråd, med mindre annet er bestemt av departementet.

Øygarden kyrkjelege fellesråd legg vekt på å halde kyrkjene i god stand, innanfor dei til ei kvar tid gjeldande økonomiske rammer. Kommunen har vore og er ein god samarbeidspartnar når det gjeld vedlikehald og kostnader knytt til dette. Kyrkjene er store bygg og det er særskilte krav til vedlikehald når det gjeld materialval. For nokre av kyrkjene må Riksantikvaren godkjenne tiltaket. Krav til tryggleik og brannsikring er høgt prioritert. Brannvesenet har tilsyn omtrent kvart år.



Hjelme kyrkje - byggjeår 1971

Det er soknet som eig kyrkjene og når det gjeld utleige og bruk så er det soknerådet, soknepresten og biskopen som kan avgjere bruken av kyrkja. Det er reglar for bruk av kyrkjene.

I 2019 var det nær 46 000 deltakarar på gudstenestene i dei 7 operative kyrkjene i kommunen. I tillegg kjem gravferder, bryllaup, konsertar og ei rekkje andre aktivitetar på dag og kveldstid.



Hjelme gamle kyrkje - byggjeår 1875

Lån og utleige av rom i kyrkjer vert handtert av kyrkjeleg fellesråd. Kontaktinformasjon: post.oygarden@kyrkja.no eller telefon 55 09 74 40. Besøksadresse: Øygarden kyrkjekontor, Tytebærbrekko 2, Straume.

Av Olav Martin Vik
kyrkjeverje